LINDÅS KOMMUNE
Byggesaksavdelinga

Seim Bygg AS
Nesbrekka 28
5912 SEIM

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Benjamin Hicks | 14.12.2015 |
| Vår: 15/501 - 15/37391 | Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no | |

# Ferdigattest einebustad - gbnr 137/755 Alver

**Administrativt vedtak. Saknr: 560/15**
**Søknadstype:** Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 12.03.2015. Det vert elles vist til søknad motteken 08.12.2015.

**Anna:**
Ansvarleg søkjar har i telefonsamtale med sakshandsamar den 14.12.2015, erklært at tilstrekkeleg dokumentasjon som grunnlag for driftsfasen er overlevert byggverkets eigar.

**Skildring**

| | |
|---|---|
| Bygningstiltak: | Einebustad |
| Bygningsnummer: | 300534802 |

**VEDTAK:**
Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for einebustad på gnr. 137, bnr. 755. Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

**Mynde**
Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

**Klage**
Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.
Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 15/501

Med helsing

| | |
|---|---|
| Siril Sylta<br>avdelingsleiar | Benjamin Hicks<br>rådgjevar |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Catharina Svanevik og Kenneth Ludvigsen | Klubben 7 | 5914 | ISDALSTØ |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Seim Bygg AS | Nesbrekka 28 | 5912 | SEIM |